

## SAK 09/21 MOGELEG LOKALISERING AV NY BATTERIFABRIKK I NORGE

### Saksopplysningar:

Eit partnerskap mellom Panasonic, Hydro og Equinor vil vurdere etablering av ein grøn fabrikk for litium ion-batteri i Norge. Innan 28. januar må tilbydarar av aktuelle tomter melde sin interesse gjennom å svare opp ei rekke spørsmål frå partnerskapet, sjå:

<https://www.hydro.com/no-NO/media/news/2020/mulig-lokalisering-av-ny-batterifabrikk-i-norge/> og vedlegg 1.

Panasonic, Hydro og Equinor vurderer produksjon av batteritypen som mellom anna brukast i elbilar. Marknaden vil vera Europa, og fabrikkjen skal ha eit grønt fotavtrykk. Marknaden for litium ion-batteri er venta å mangedoblast på få år, i takt med den stadig aukande elektrifiseringa av transportmidlar.

Parallelt med pågåande marknadsundersøkingar har partnerskapet gjennom si nettside [www.jointbatteryinitiative.com](http://www.jointbatteryinitiative.com) bedt aktuelle tilbydarar av areal om å ta kontakt. Partnerskapet skisserer eit tomtebehov på 400 daa ved oppstart, med seinare mogelegheit for ekspansjon på inntil 1.000 daa. Ei rekke praktiske krav vil bli stilt knytt til tomtearealet. Blant anna trengs store mengder straum og egna transportløyseringar for produkt og tilsette.

Partnaskapet antydar behov for 2.000 tilsette ved oppstart, i hovudsak fagarbeidarar og ingeniørar.

I løpet av summaren 2021 er det venta avklaringar frå Panasonic, Hydro og Equinor på om dei vil arbeide vidare med ei fabrikketablering i Norge, og kva tre alternative lokasjonar dei eventuelt meiner er aktuelle.

### Vurdering

Batterifabrikkar er høgt på dagsorden fleire stader i Norden. I desember 2020 vart det bestemt at Morrow Batteries skal etablere seg i Eyde Energipark i Arendal. Byggstart er planlagt i 2023.

Fabrikkjen har ein kostnad på 5 milliarder kroner i fyrste byggetrinn.

I Skellefteå i Sverige blir det no bygd det som skal bli Europas største batterifabrikk. Fabrikkjen, som kalles [Northvolt Ett](#), vil krevja eit areal tilsvarande 40 fotballbanar og generere 2.500 jobbar.


Fabrikkjen skal ha kapasitet til å produsere 32 gigawattimer (GWh) med batteri årleg i 2024, med mogelegheit for å utvide til 40 GWh. Dersom ein reknar at elbilane har ein gjennomsnittleg batteristorleik på 64 kWh, skal Northvolt Ett kunne forsyne 500.000 elbilar med batteri årleg i 2024.

Som ein ser, batterifabrikk i den storleik også partnerskap mellom Panasonic, Hydro og Equinor tenkjer seg, er litt i overkant i forhold til dei målestokkar me til vanlegvis tenkjer i Hallingdal. Samstundes må det av og til vera på sin plass å gjera vurderingar litt «utanfor boksen». Kvi for ikkje Hallingdal? Hallingdal er ein storleverandør av vasskraft og ofte blir det teke til orde for at me må kunne utnytte/vidareforedle «våre» ressursar der ressursane er, noko som og bør vera aktuelt når det gjeld vasskraft. For å få betre kunnskap og vurdere realisme i batterifabrikk i Hallingdal er det lagt ned ein del arbeid. I utgangspunktet var det fire faktorar som verka avgjerande for om batterifabrikk i Hallingdal var realistisk:

- Egna areal i storleik 1000 daa
- Arbeidskraft, 2000 tilsette, innanfor 60 min. reisetid
- Elektrisk kraft, ca. 100 MW i fase 1 med mogelegheit for seinare ekspansjon med nye 200 MW
- Tilgang til effektiv og mest mogeleg bærekraftig transport av råvarer inn og batteri til kundar i Europa. Typisk transportvolum i driftsfasen er ca. 200 (stk.) 40-fot cont. inn og ut per veke for fase 1

Eit hovudmoment har vore å synleggjera ein tilstrekkeleg arbeidsmarknad. For å dekke behovet er

det vurdert som avgjerande at Ringerike/Hønefoss er ein del av ein potensiell arbeidsmarknad. Jernbane som effektiv og bærekraftig transport er vurdert som eit viktig kriterium, samstundes som transportavstandar sjølvsagt er ein viktig faktor. Ut frå desse tilnærmingane er Nesbyen og Flå vurdert som mest aktuelle lokasjonar. Etter nærare vurderingar var det eit område som peika seg ut som realistisk, Roppemoen på Flå, der det i dag er eit industriområde. Bergensbanen er nabo til tomta, Rv7 går rett forbi og Roppemoen ligg i nærleiken av Flå transformatorstasjon. Denne stasjonen har 2-sidig forsyning på 132kV, med mogelegheiter for forsyning frå Statnett sin innføringsstasjon på Nesbyen og på Ringerike. Ut frå dette blir det arbeid med eit konsept som mogeleg innspel til lokalisering av batterifabrikk i Hallingdal.



Skisse aktuelle tomt, Roppemoen

Hallingdal er ein felles bu – og arbeidsmarknadsregion med eit utstrakt interkommunalt samarbeid. Konseptet bør i denne fasen kunne vera eit samarbeid mellom Flå kommune som vertskommune og Regionrådet for Hallingdal som det politiske samarbeidsorganet for dei 6 kommunane i Hallingdal.

I arbeidet har det og vore tett dialog med Hafslund Eco, Eidsiva og BEBA (batteriselskapet til Bellona). I eit vidare arbeid vil desse aktørane kunne vera ein aktør, slik som det blir skissert:  
*«Ved utvelgelse av lokasjoner vil Eidsiva, Hafslund Eco og BEBA kunne være en profesjonell bidragsyter og strategisk partner i utviklingen, med mål om å redusere risiko og kostnader, samt effektivisere regulerings- og konsesjonsprosesser. Ved behov kan vi bistå bl.a. gjennom dialog med lokale interessenter og myndigheter, regionalnettere og Statnett. Vi ser svært mange likheter mellom tomteutvikling til batteriproduksjon og den vi har jobbet med til vindkraftproduksjon. Vi har derfor godt med erfaring som vi kan benytte sammen med Regionrådet for Hallingdal.»*

I arbeidet har det og vore god dialog med Jernbaneverket og Bane Nor med tanke på sidespor til industriområde og pendlertog på strekninga Ål – Hønefoss. I tillegg har det vore tett dialog med Statnett og Glitre Energi Nett.

Flå kommune har vore positive til å avklare om Roppemoen er ei aktuell lokalisering og har sett i gang prosessar i forhold til dette.

Hallingdal er ein av mange aktørar i Norge som eventuelt konkurrerer om å få denne etableringa. Slik sett er det godt mogeleg at Hallingdal blir vurdert å ikkje vera ein aktuell lokasjon. Samstundes bør aktørane sin styrke og planane sitt omfang i seg sjølv vera eit argument for å forsøke å sikre seg denne etableringa. I eit distriktpolitisk bilde og utnytting av ressursar vil lokalisering Hallingdal vera eit godt val. Uansett utfall vil prosessen i seg sjølv vera læring og det er ei tydeleg markering, Hallingdal er «framme i skoa».

**Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal i nært samarbeid med Flå kommune vil arbeide aktivt for at partnerskapet Panasonic, Hydro og Equinor vel Hallingdal og Roppemoen i Flå, som ein mogleg lokasjon for batterifabrikk.

Hallingdal, 26.1.2021

Knut Arne Gurigard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: [Orientering og invitasjon til å melde interesse om mulige tomter](#)